



# Øystre Slidre kommune

## Næring plan og byggesak

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Rogne Bygg As  
Bygdinvegen 3652  
2953 BEITOSTØLEN

### Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

SKOFAR - 26/8339

Arkiv:

1/6, L42

Vår dato:

01.07.2026

| Saksnr. | Utval                                      |
|---------|--------------------------------------------|
| 185/26  | Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak |
| 169/26  | Kommunestyret                              |

### Tillatelse til tiltak - 1/6 Lykkjevegen 260 - Garasje

Tiltak: Garasje  
Byggjestad: Gbnr: 1/6 Lykkjevegen 260  
Tiltakshavar: Arne Lykken  
Lykkjevegen 260  
2952 BEITO

### Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4, og kommunalt delegasjonsreglement godkjenner kommunedirektør v/ leiar av næring, plan og byggesak oppføring av garasje på gnr. 1, bnr. 6, Lykkjevegen 260, jf. *Søknad om tillatelse til tiltak utan ansvarsrett*, datert 16.06.2026 med vedlegg.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Avfall frå byggearbeidet skal leverast til godkjent mottak.
2. Alt byggearbeid skal utførast i samsvar med relevante krav i plan- og bygningslova og teknisk forskrift, samt reguleringsplan med føreseigner for området.
3. Bygget vil ikkje bli tillate teke i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest. Mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreset at alle formelle krav knytt til byggeløyvet er oppfylt.

### Saksopplysningar

Rogne Bygg AS har på vegne av tiltakshavar sendt inn søknad om oppføring av garasje på gnr. 1, bnr. 6, Lykkjevegen 260.


Garasjen har eit BYA (bebygd areal) på 63 m<sup>2</sup>.

Tiltaket er ikkje nabovarsla, då tiltaket ikkje vil råke naboar eller gjenbuarar.


## Vurdering

Eigedomen er ikkje regulert av reguleringsplan. Det er *Arealdelen til kommuneplanen 2026-2038*, som er gjeldande for området. Eigedomen er ein landbrukseigedom (LNRF).

Etter NVE sine aktsemdskart for skred, ligg tiltaket innanfor aktsemdsone for snøskred klasse S2. Jf. Direktoratet for byggkvalitet plasserast garasje i tryggleiksklasse S1, føresett at garasjen ikkje skal nyttast til opphald av personar, som for eksempel verkstad eller liknande.



Figur 1: Aktsemdsone S2



Figur 2: Situasjonsplan

Ut frå motteke teikningar skal garasjen nyttast til biloppstilling og tiltaket hamnar i tryggleiksklasse S1. Tiltaket kan dermed førast opp som prosjektert.

Det er opplyst i søknaden at eksisterande garasje (33 m<sup>2</sup>) er rive. BYA for eigedomen aukar med 30 m<sup>2</sup> som følgje av ny garasje.

Jf. plan- og bygningslova § 21-3, kan nabovarsling unnlatast når arbeidt ikkje, eller liten grad råka interesse til naboar eller gjenbuarar. Det er vurdert at tiltaket ikkje vil råke naboar då det er ein stor eigedom med lang avstand til næmaste nabobygning.

Tiltaket er vurdert til å vere i tråd med gjeldande føresegn og forskrifter.

### **Teikningsdokumentasjon**

Løyvet er basert på teikningar med journaldato 17.06.2026.

### **Gebyr**

For handsaming av byggesøknaden er det gebyr på kr. 8 755 jf. kommunens gebyrregulativ § 3.2.2.1. Faktura blir sendt tiltakshavar.

### **Føresetnader med heimel i lovverket**

1. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
2. Bygningen/ tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
3. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.
4. Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjå til at bygget blir oppført i tråd med føresegn i plan- og bygningsloven med tilhøyrande teknisk forskrift og dimensjoneringsstandardar.
5. Mindre endringar undervegs må normalt avklarast med kommunen på førehand. Om tiltaket inneheld korreksjonar ut frå godkjente teikningar, så må desse visast fram ved søknad om ferdigattest.
6. Ingen bygning eller anlegg kan takast i bruk utan at det ligg føre anten midlertidig bruksløyve eller ferdigattest frå kommunen, jf. pbl § 21-10.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Frank Skoglund  
Saksbehandler bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

Mottakar  
Arne Lykken

Lykkjevegen 260

2952

BEITO